

Ing. Jostein Bø  
Kråkvika 33  
6390 Vestnes

**Vår dato:** 19.04.2022

**Vår ref.:** 202205420-2 Oppgi ved førespurnad

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:** Ole-Jakob Sande  
22 95 95 45/ojs@nve.no

## **NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset i Vestnes kommune**

Vi viser til brev datert 10.02.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset i Vestnes kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for vidare utvikling av eksisterande næring og eventuell anna næringsutvikling.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **Konkrete innspel**

#### *Flaum og erosjon*

Planområdet omfattar nedre delar av Sesselva, og aktsemdskarta for flaum i [NVE Atlas](#) viser at det er potensiale for flaum og erosjon langs vassdraget. I arbeidet med Risiko- og sårbaranalysen (ROS) må den reelle faren for flaum og erosjon avklarast med dokumentasjon på at tryggleiken er teke i vare i samsvar med krava i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2. Eventuell reell fare må regulerast som omsynssone med tilhøyrande føresegnar som set krav til tryggleik.

Dersom elvebreidda er erosjonsutsett skal det vere ei tryggleikssone mellom bygningar og toppen av lausmasseskråninga over elva som er minst like brei som høgda frå elva og til toppen av skråninga. Avstanden må vere minst 20 m, jf. prinsippskisse for erosjonssikker plassering av byggverk i rettleiinga til byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 fjerde ledd.



### *Grunnforhold*

Planområdet ligg under marin grense og NGU sitt lausmasekart viser elv- og bekkeavsetningar i planområdet. Under lausmassane i overflata kan det også vere marine avsetningar, jf. aktsemdskart for marin leire i NVE Atlas. I område med marine avsetningar kan vi ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må vere eit tema i ROS-analysen. Vi viser til prosedyre som er skildra i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kap. 3.2 for tilstrekkeleg avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire. Vi gjer også merksam på at kap. 2.8 i rettleiaren set særskilt fokus på tiltak i strandsona og i sjøen, og ber om at tiltaka planen legg til rette for vert vurdert med omsyn til råda i rettleiaren.

### *Skredfare*

Sessneset kan sjå ut til å ha form som ei skredvifte. Aktsemdskartet for jord- og flaumskred fangar ikkje alltid opp store og forholdsvis flate skredvifter der det historisk har gått slike skred. Bekkar og elvar som fører lausmassar som skiftar løp kan også utvikle slike vifter. NVE rår til å bruke [Faktaark 2-13 Identifisering av skredvifter](#) til å vurdere om det kan være slike skredvifter innanfor planområdet. Dersom det er skredvifte må det vurderast om området har tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17 § 7-3.

### *Vassdragsmiljø*

I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr. 6, bør nyttast til å merke vasstreng med t.d. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen legg til rette for inngrep i eller langs vassdraget må det gjerast greie for kva konsekvensar tiltaket har for allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

I varselbrevet står det at planen skal legge til rette for utviding av oppdrettsanlegg for matfisk, men det er ikkje gitt detaljar om eventuelt uttak av ferskvatn. NVE gjer merksam på at eventuelt auka uttak av ferskvatn krev konsesjon etter vassressurslova.



NVE minner om at uttak av ferskvatn skal avklarast etter vassressurslova før det vert gitt løyve etter akvakulturlova, jf. akvakulturlova § 6 punkt d. Vi viser også til søknadsskjema for akvakultur i landbaserte anlegg (pkt. 2.4) samt rettleiar for utfylling av søknadsskjema der det står følgande: «*For akvakultur - med uttak av ferskvann - avgjør NVE om inngrepet er konsesjonspliktig etter vannressursloven. Søknad og henvendelse om konsesjonsplikt skjer til NVEs aktuelle regionkontor, og det skal foreligge konsesjonsfritak eller konsesjon før søknaden sendes fylkeskommunen.*». Det er fylkeskommunen som gir løyve etter akvakulturlova.

### *Energianlegg*

I sørleg del av planområdet går det ei 22 kV kraftlinje med tilhøyrande nettstasjon. Det er eit mindre kraftleidningsanlegg som er omfatta av områdekonsesjon, og fell innanfor verkeområdet til pbl. NVE rår til at anlegget vert sett av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

### **NVE si oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør



*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

Ing. Jostein Bø

**Kopimottakarliste:**

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vestnes kommune